

- Nærøyfjorden landskapsverneområde
- Bleia - Storebotnen landskapsvernombåde
- Bleia naturreservat
- Nordheimsdalen naturreservat
- Grånosmyrene naturreservat


## Nærøyfjorden verneområdestyre

SAKSBEHANDLAR: ANBJØRG NORNES ARKIVKODE: 2015/4116 - 432.2 DATO: 24.05.2016

### NOTAT FRÅ SYNFARING PÅ HORTEN I SAMBAND MED SØKNAD OM OPPFØRING AV HYTTE

På møte 5. april 2016 vedtok Nærøyfjorden verneområdestyre å utsetje behandling av søknad om bygging av ny hytte på Horten til det vart gjennomført synfaring på Horten. Styret ynskte å sjå om det var mogleg å finne ei tenleg løysing med omsyn til plassering og utforming av bygget. Synfaringa vart gjennomført 20. mai 2016. Med på synfaringa var styreleiar Noralv Distad, grunneigar Svenn Vidar Stegen og verneområdeforvaltar Anbjørg Nornes. Byggesakshandsamar i Aurland kommune var inviterte med på synfaringa, men hadde ikkje moglegheit for å delta.

Kart med innteikna aktsomheitsområde for bygging (snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred) vart lagt til grunn i vurdering av område som kan vera aktuelle for bygging.



*Utsnitt fra fylkesatlas med temakart samfunnstryggleik*

I tunet er det murar etter 5 bygningar. Alle tuftene er registrert i SEFRAK-registeret som ruinar, men det er berre bildedokumentasjon av hovudhuset på garden. Det er berre ruinar att etter dei andre bygga. Under synfaringa vart det sett på to alternative plasseringar.

Altenativ 1; Bygge på murane frå bygget ved sida av murane etter hovudhuset (murane til høgre). Mål på areal i SEFRAK-registeret er 340 cm x 360 cm.




Tunet på Horten. Murar etter våningshuset (til venstre) og eit mindre hus. Foto Anbjørg Nornes

Alternativ 2; Bygge utanfor tunet.



Markering av alternativ plassering utanfor tunet (øvst til høgre i bildet). Foto Anbjørg Nornes



*Utsnitt fylkesatlas. Alternativ plassering av nytt bygg. Kulturminne fra SEFRAK-registeret merkt med grøn firkant på kartet*

Bilde frå hovudhuset, og restar etter løer på innmarka tyder på at dei fleste bygga på Horten hadde lafta bygg med synleg laft. Det er ikkje kjent dokumentasjon på utforming på andre bygg i tunet enn hovudhuset, men i SEFRAK-registeret er arealet på murane registrert.

Kulturavdelinga hjå Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane har kome med fylgjande generell kommentar til saka då det var søkt om å bygge hus på Hortakollen (datert 09.02.2016);

#### **«Generell tilbakemelding i forhold til gamle murar i verneområdet»**

*Når det gjeld gamle murar i både inn og utmark i området har dei ein eigenverdi som kulturminne. Dei er spor etter dei menneska som budde og levde seg i området tidlegare. Ein del murar kan ha høg alder, og vårt råd er at ein skal vera svært varsam med å sette nye bygningar opp på eller i nærleiken av dei gamle murane. Vi syner her til rettleiaren «Kulturminner i områder vernet etter naturmangfaldloven» s. 37.»*

Etter synfaringa 20. mai tok forvaltar kontakt med Arlen Synnøve Bidne i Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane med spørsmål om bygging på ein av murane i tunet. Arkeolog hjå Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane har kome med fylgjande tilbakemelding (e-post 24.05.2016): *«Erfaringsmessig finnes det ofte eldre kulturminne fra jernalder og mellomalder i eldre tun. På bakgrunn av potensielle funn av automatiske freda kulturminne rår vi i frå å gje dispensasjon fra verneforskrifta til dette tiltaket.»*

Aurland 23.05.2016

Anbjørg Nornes  
Verneområdeforvaltar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen underskrift.*

Kopi pr. e-post til:

Aurland kommune v/Are Grande

Svenn Vidar Stegen